

Teatergata 9

0180 Oslo

Svar på høyring.

Forslag til endring i alkoholforskrifta – endringar i reklamebestemmelsar.

Hardanger Saft og Siderfabrikk AS i Ulvik er ei av dei bedriftene som er berørt av desse bestemmelsane.

For oss har det vore eit stort problem at vi ikkje har kunna informert kundane våre om kva produkt vi produserer og nøktern informasjon om kva dei ulike produkta passar til.

Ulike former for lokal mat er vorte ei populær vare hjå mange forbrukarar , og det er viktig å kunne gi informasjon om kva drikkevarer som passar til ulike matrettar.

I tillegg er det mange kundar som er svært interessert i produksjonsmåte, råvare etc.

I det store mangfaldet av produkt , ikkje minst utenlandske , så er det ei stor oppgåve å forklara kundane kva skilnad på våre produkt og andre sine.

Det er difor svært positivt at departementet no tek ein revisjon av forskrifta slik at det vert mogleg å få driva nøktern informasjon.

Med internet og sosiale mediar er verden liten i dag . Det er difor viktig at fornuftig og god informasjon kan verta ein del av kvardagen til kundane.

Endring av forskrift:

Hardanger saft og siderfabrikk AS støttar alle dei endringane og nye forslag som er foreslått i høyringsdokumentet.

Forslag til nytt punkt:

I tillegg ønskjer vi ei endring på ei anna forskrift som gjeld sal av alkoholholdig drikk.

Slik regelverket i dag er utforma , så er det ikkje tillate å driva sal av alkohol i same lokale som det vert skjenka eller produsert alkohol.

Utan at eg kjenner direkte til grunnen til dette , så vil eg anta at intensjonen med dette er at ikkje kundar skal drikka alkohol i butikk , Vinmonopol etc. Det er etterkvart kome til mange

nye produsentar som produserer produkt med og uten alkohol og som samstundes driv med reiselivstenester. Frukt og Siderruta i Ulvik er ein av slike aktørar.

Mange har oppgradert eller bygt nye bygg for desse tenestene og er i dag allerede tilpassa sal av andre varer . Med eksisterande lovverk, med sal av alkoholholdig drikk opp til 4,7 % og eit eventuelt nytt lovverk for sal av varer med høgare alkoholinnhald , så vil det vera naturleg å tilpassa desse varene inn i eit eksisterande lokale.

Å gå i gang med nye ombyggingar/ nye bygg når det allerede finst egna lokale , bør vera heilt unødvendig.

Hardanger saft og siderfabrikk AS meiner difor at det i regelverket må koma ein dispensjonsordning som åpnar for sal av alkoholholdig drikk , sjølv om same lokale vert brukt til skjenking og/eller produksjon. Kravet for å få ein dispensjon må vera at lokalet fysisk er lagt til rette for det og at det ikkje skapar konflikt i forhold til andre deler av alkohol lovverket.

Vi meiner kommunen er den som skal kunna gje denne dispenasjonen. Kommunen kan føreta synfaring og gjera ei vurdering .

Forslag til nytt punkt alkohollova:

Det er forbudt å driva sal av alkohol i lokale der det føregår skjenking eller produksjon av alkohol.

Kommunen kan gi dispensasjon frå denne regelen når lokale er godt tilpassa og salet ellers ikkje skapar konflikt i forhold til andre delar lovverket.

Helse og omsorgsdepartementet er klageinstans for slike saker.

Vi håper dette kan gjennomførast.

Mvh.

Nils Lekve



Hardanger saft og siderfabrikk AS

5730 Ulvik